



Oster Pukk Og Sand As  
Eikemovegen 3  
5994 VIKANES

Referanser:  
Dykkar: Knut Moe  
Vår: 17/348 - 17/8178

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
12.05.2017

## Orientering etter møte 27.04.2017 - gbnr 220/2 Aurdal store

Vi viser til møte 27.04.2017 vedkomande sal av eigedomen gbnr 220/2 og moglegheiter for frådeling av nokre parsellar før sal vert gjennomført. Dette gjeld areal avsett til lager og kai søraust i området, strandlinja, ein parsell i området plassert aust for vegen inn i dalen og eigedomen 220/6 og 220/9 samt ein parsell lenger inn i dalen på vestsida av vegen som ligg innafor sikringsone H190.

Administrasjonen har diskutert saka. Vi vurderer at frådeling av parsellen på vestsida av vegen inne i dalen vil kunne omsøkjast på vanleg måte dersom føremålet ikkje vert endra. Tiltaket krev løyve etter jordlova. Når det gjeld frådeling av areala avsett til lager og kai-2 vurderer vi at dette er kurant dersom frådelinga skjer i samsvar med vedteken plan.

Ytterlegare frådelingar som skissert ,må skje gjennom endring av reguleringsplanen. Administrasjonen kan ikkje sjå at det er grunnlag for å dela frå ein parsell i området mellom vegen inn i dalen og gbnr 220/6 og 220/9. Framtidig bruk av strandsona må avklarast i ein større samanheng og bør spelast inn i det arbeidet som no pågår med endring av reguleringsplanen for området.

Vi gjer elles merksam på vilkåra som er gitt ved tildelt konsesjon for gbnr 220/2 med tilhøyrande tidsfristar for gjennomføring. Ved sal av gbnr 220/2 må kjøpar søkja om konsesjon.

Retteleiiing i forhold til søknadsskjema, kart, naboliste mm får de ved å ta kontakt med byggjesaksvakta. Den er open tysdagar og torsdagar frå kl 09.00 – 15.00. Spørsmål knytt til jordlovshandsaming og konsesjon kan rettast til landbruksavdelinga.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Kopi til:**

Landbruksavdelinga

her

**Mottakarar:**

Oster Pukk Og Sand As

Eikemovegen 3 5994

VIKANES